





# Vestlandske Teatersenter Årsmelding 2001













VESTLANDSKE TEATERSENTER

## INNHALD:

3. Minneord
4. Magiske timar
5. Fråsegn frå styret
8. Rekneskap
12. Revisjonsmelding

Vedlegg:
13. Styret og repr.
14. Personalet
15. Kurs- og kompetanse-senteret
21. Teaterskolen
22. Medlemsservice
23. Vedtekter
25. Presseklipp

**VT får stønad frå:**

Kultur- og kirkedepartementet

Norsk Amatørteaterråd

Bergen Kommune

Hordaland Fylkeskommune

## KRISA SOM SKAPAR ENDRING

2001 har økonomisk vore et særs vanskeleg år ved VT. Den pressa økonomiske situasjonen i 2000 blei ført vidare i 2001. Først mot slutten av året blei det klart at vi ikkje ville klare å nå målet om ta inn att den negative eigenkapitalen.

I desember, da styret vart kjend med situasjonen, vart det sett i verk tiltak umiddelbart. Desse tiltaka var ikkje berre innsparing på drift, men og innsparing på løn. På lengre sikt er det nødvendig å omstrukturere stillingar. Det er utarbeidd eit budsjett for 2002 som siktar mot å ta inn underskotet. Så langt ved slutten av første kvartal i 2002 ser utviklinga lovande ut, men budsjettet vil bli revidert fortløpande gjennom heile året.

Dei økonomiske problema har kravd mykje, ikkje minst av dei tilsette. Dei har stått på for å gjennomføre alle dei spanande prosjekta som er i gang. Og styret registrerer med stor glede at på den kunstneriske sida har det blomstra som aldri før, og at prosjekt, teaterskole og framsyningar har blitt endå meir synlege i kulturbiletet. VT er på kartet som aldri før. Det er imponerande at tilsette har ein slik vilje til å stå på i ein situasjon der mykje framleis er uklart og vanskeleg. Samstundes har styret sett alle klutar til for å støtte opp om dei tilsette ved å leggje ein god struktur for Vestlandske Teatersenter for framtida.

Mot slutten av året kom spørsmålet om nye lokale opp. VT er no i forhandlingar om nye lokale i Nøstegaten. Alt tyder på at vi vil vere på flyttefot sommaren 2002. Flotte og store lokale vil gje VT heilt andre tilhøve enn det som vi har i dag. Vi ser fram til å skape eit verkeleg drama- og teaterhus for barn og unge som vi kan utvikle i samarbeid med andre. Reint økonomisk vonar vi at nye lokale vil gjere drifta meir rasjonell og gjere sitt til at vi får meir ut av pengane. Ikkje minst kunstnarleg, både for teaterskole og kompetansesenter, vil dette vere ei verkeleg drivkraft for VT framover.

Ei krise er ikkje negativ dersom ho vert handsama riktig. Tvert imot kan ho vere ei spire til ny vekst. Vi vonar at kriseåret 2001 er i ferd med å bli ei kjelde for ei slik utvikling. Både driftssituasjonen og lokala gjer at vi vil sjå eit nytt VT i åra framover: Nye spanande prosjekt med nye partnerar i eit verkeleg teaterhus. Alt dette er tufta på VT sin entusiasme, kompetanse og røynslene som er bygt opp gjennom mange år.

Styret takkar alle tilsette for innsatsen i 2001.

## MINNEORD FOR HILDE-MARTHE KILE



Hilde-Marthe Kile er her ikkje lengre. Med henne er ein av dei siste pionerane frå Vestlandske Teatersenter gått bort. Hilde- Marthe vigde si sjel, sitt djupe engasjement og sine krefter gjennom 27 år for det skapande teaterarbeidet i VT.

Hilde- Marthe kom til Vestlandske Teatersenter i 1971. Målet var å skape eit eige nynorsk teater i Bergen som seinare blei verkeleg i Hordaland teater der Hilde- Marthe og var styremedlem. Vestlandske Teatersenter derimot blei etter kvart til noko anna og mykje meir. Saman med Anne Gullestad vart Hilde-Marthe drivkrafta i å bygge opp ein organisasjon som blei eit kurs- og kompetansesenter for heile Vestlandet, som mellom anna har eigen teaterskule for rundt 150 barn og unge i Bergen og som gjev utdanning for teaterleiarar på høgskulenivå. Vestlandske Teatersenter blei ei teaterkraft med Hilde-Marthe Kile som dagleg leiar og seinare styreleiar.

Frå ein idealistisk oppstart utan pengar men med teatertru og dugnadsånd som drivkraft, klarte VT-entusiastane etter kvart å få innpass på offentlege kulturbudsjett. Dette skuldast ikkje minst Hilde- Marthe sitt arbeid ovanfor politikarar i stat, fylke og kommune. Hilde- Marthe overtydde Stortingskomiteen om kva som blei skapt her vest.

Gleda over teateret si magiske kraft , trua på dei skapande kreftene hos dei unge, sansen for kulturarven og dei sanne menneskeverdiane dreiv Hilde - Marthe fram. Ho gjekk heilt inn det ho trudde på, hadde ein enorm arbeidskapasitet og sparte seg ikkje. Ho var klar og tydeleg i sak, stod på sitt og var ikkje den som snudde kappa etter rådande vindar. Om ho var fast, så var ho samstundes raus. Den medmenneskelege varmen skein igjennom i alt ho gjorde.

Hilde-Marthe Kile var fødd og oppvaksen i Ulsteinvik. På Sunnmøre fann ho sin Svein, men dei levde sitt vaksne liv i Bergen. Banda til Sunnmøre var likevel sterke. Derfrå henta ho den nynorske kulturarven og sine viktigaste verdiar. Nøysemd og evna til å få mykje ut av lite var noko som kjenneteikna ho. Vi nyttar ikkje pengar før vi har dei, vart eit av omkveda. For ho var det meir meining i å arbeide med dei skapande unge, enn å bli lønna i pengar og materielle goder.

Hilde-Marthe, du var ei Vestlandskvinne av beste sort. Du levde med heile deg og synte oss viktige verdiar som vi ikkje minst treng i vår tid. Takk for det du skapte og det du gav til oss.

Annicke Gill
*kunstnarleg leiar*

Jo Høyer
*styreleiar*

## Mange magiske timar

Tindrande barneauge og fornøgde lærarar! Gjennom *Den magiske timen, Bilder frå Bjørgvin* og *Dragen frå Dragefjellet* har Vestlandske Teatersenter stått for unike teateropplevingar for dei minste, og leia hundrevis av born og lærarane deira gjennom øvingar fram mot framsyning for eit stort publikum. I småskolen har elevane lært sunt trafikkvett gjennom teaterstykket *Englevakten*. Pionérprosjektet *Global Kicks* førte ungdommar med ulik kulturell og etnisk bakgrunn saman.

VT har dei siste åra fått vind i segla, i første rekke som tilverkar av pedagogiske opplegg for born og unge frå 1 til 20 år.

Over tusen publikummarar såg vandreteateret *Bilder frå Bjørgvin* under Festpillene, spelt av unger frå åtte barnehagar. *Dragen fra Dragefjellet* vart opphavleg utvikla i samarbeid med Bergen og Omegn Boligbyggelag (BOB) i 2000, men blei etter ønskje frå Festspillene ført opp også i 2001.
Dramaopplegget *Den magiske Timen* for barnehagebarn avvikla over 80 framsyningar i 2001.

Nøkkelinfo 1

**Kurs og kompetanse**

**Kurs**

10 åpne kurs og 28 tinga kurs, for alle aldrar, frå ny drama til sminke og ansiktsmaling

**Produksjonar**

To store framsyningar under Festspillene, Ur-oppføring av *Ein song for fred*, skal til England i 2002.

**Rådgjeving**

*Vestlandsandlete* – pedagogisk rom på Vestlandets Kunst-industrimusum, *Reisa til Bergen* TIU (teater i utdanning)-prosjekt for og med småskuleborn for kystmuseum og kystkultur-minne, Samisk teater, Kulturnett Hordland - manus på Internett.

For meir – sjå vedlegg 3

BOB, Vegkontoret, Aetat og Utlendingsdirektoratet er berre nokre av dei som nyttar VT si kompetanse på å utvikle, tilretteleggje og iverksette drama for barn og unge. I tillegg kjem medlemsorganisasjonane, frie grupper, skular og organisasjonar som treng kurs. rettleiing og medverknad for å skape drama i kvardagen. Og det er meir.

Musea slit i ei tid der tv og kino og tv- og dataspel gjer at borna forventar drahjelp for å la seg engasjere og interessere i dei kunst- og kulturskattane musea forvaltar. Også her er VT med, i fyrste rekkje, både som kompetent rådgjevar og som produserande aktør. Utviklinga av museumspedagogikk har ei sentral rolle i VT. Det museale området kan bli endå meir spanande om VT får flytte til Nøstegaten og dele hus med eit sprudlande film og data-miljø. VT vil ikkje berre vidareutvikle teater som genre, men omdefinere det populære multimedia-omgrepet til og å inkludere teater, dans og levande musikk. Med vekt på barn og unge, og med ein særleg innsats for å ta vare på, og utvikle nynorsk som scenespråk.

Nøkkelinfo 2

**Teaterskolen**

**Undervisning**

8 klasser vår og haust for born og unge frå 6 til 19 år

**Framsyningar**

Alle klassane har framsyningar på Teaterloftet til VT. I tillegg er det spelt på Fløyen, i Teatergarasjen, Grieghallen, på Torgalmenningen og Barnas Hus under Fest-spillene, ved barne- og ungdomsteater-festivalen på Stord og i Toulouse, Frankrike.

**Medlemsservice**

E-post-brev kvar månad til alle interesserte, VT informerer og lar medlemsorganisasjonar og andre presentere sine kurs og framsyningar. VT-kornet to gonger for året, kurskatalogane vår og haust gjekk ut til 1500 adressatar, og løpande oppdatering på heimesida www.vt.hl.no

# Fråsegn frå styret 2001

Vestlandske Teaterlag vart skipa i 1967, og skifta i 1995 namn til Vestlandske Teatersenter (VT). VT er eit kompetanse- og opplæringssenter for teater, særskilt retta mot barn og unge. VT skal ta eit særleg ansvar for å ta vare på nynorsk språk og talemål.

**Lokale**
VT har sidan 1986 halde til på Vestre Strømkai 1 ved Bystasjonen i Bergen. Øvingssalen ligg i 3. etasje, kontora i tredje og fjerde og framsyningssalen Teaterloftet ligg i 5. etasje. Oppdelinga av rom i ulike etasjar er lite rasjonell og høveleg. Det er no forhandlingar om nye lokale på Nøstet i Bergen frå sommaren 2002. Ved å flytte dit kan ein effektivisera og rasjonalisera drifta, samt at det kan gje ei vesentleg leigeinntekt. Flyttekostnadene skal finansierast eksternt.

**Verksemda**
Verksemda er delt i tre område; kurs- og kompetanseverksemd, teaterskule for barn og unge, og medlemsservice.

- *Kurs- og kompetanseverksemda* avvikla i 2001 38 kurs for til saman 779 deltakarar. Det vart gjennomførd på eiga hand og i samarbeid med oppdragsgivarar 21 teaterprosjekt, for til saman 10 621 tilskodarar i 103 framsyningar.

- *Teaterskolen for barn og unge* hadde i 2001 115 elevar fordelt på sju ordinære og ein ekstra klasse våren 2001, og 127 elevar fordelt på åtte ordinære klasser hausten 2001. Alle klassane avsluttar i semesteret med ei framsyning på VT, men dei har og delteke i framsyningar med vandreteater på Fløyen, i Barnas Hus, og på Torgallmenningen under Festspillene/Barnas Festspilldag. Gruppe O (10-12 år) viste og si framsyning *Tre Musketerar* under ein internasjonal barneteaterfestival Toulouse, Frankrike.

- *Medlemsservice*. VT hadde i meldingsåret 255 medlemmer, mot 185 året før. Av medlemmene er 26 teatergrupper og lag, åtte offentlege og private institusjonar og 221 einskilde medlemmer. 106 av medlemmane er under 15 år. VT held medlemmane løpande orientert gjennom heimesider, e-postbrev og informasjonsbladet VT-kornet. VT hjelper og medlemmane når dei melder sine behov. VT sine medlemmer får rabattar på Den Nationale Scene, Carte Blanche, Hordaland Teater og Bergen Internasjonale Teater.

**Styret sitt arbeid**
Styret har hatt sju møter og handsama 41 saker. Den økonomiske situasjonen har vore hovudsak på alle styremøta. Dei viktigaste sakene styret har arbeidd med er:
- Økonomisk situasjon
- VT si kunstnarlege verksemd
- Strategisk plan
- Informasjonsstrategi
- Personalsituasjon
- VT si representasjon i andre fora
- Drifts- og prosjektsøknade

**Personale**
VT har sju fast tilsette, og heimel frå Silvetenesteadministrasjonen for to sivilarbeidarar.

**Samarbeidspartnarar og nettverk**
Gjennom medlemskap i Norsk Amatørteaterråd (NAT) har VT jevnleg kontakt og samarbeid med både medlemsorganisasjonane til NAT, til Nordisk Amatørteaterråd (NAR), til The North European Amateur Theatre Alliance (NEATA) og International Amateur Theatre Assosiation (IATA/AITA).
VT er medlem av Folkekulturforbundet og Hordaland Folkeakademi.
På Vestlandet har VT samarbeidsavtalar med dei sentrale kulturinstitusjonane innan drama, mellom anna Den Nationale Scene og Festspillene.
Samarbeid mellom museum og teater har vorte eit stort område for VT, og VT samarbeidar med ei rekkje museum i Bergen og i resten av landet.
Gjennom kompetansesenteret hjelper VT fleire ulike organisasjonar og institusjonar over heile landet.

**Representasjon:**
VT er representert i styret, utdanningsutvalet og innstillingsrådet i Norsk Amatørteaterråd (NAT). VT er representert i styret for Dramas og Innkjøpsfondet for Ny Norsk Dramatikk.

**Arbeidet framover**
Auka aktivitet, fleire samarbeidspartnerar og ei profesjonalisering av både kjerne- og støtteaktivitetane har prega VT dei seinaste åra. For brukarane, styresmaktene og andre aktørar i kulturlivet er VT i ferd med å stå fram med ei breidde i tilbod og kompetanse som få andre liknande organisasjonar har, dette gjeld både i Noreg og i Norden.

Vår visjon er at VT skal utviklast til å vere mellom dei beste i landet på utviklingsarbeid innan teater og drama for alle generasjonar, men med særleg vekt på barn og unge. Mål for arbeidet framover er å:

- Utvikle kompetansen på korleis teater og drama kan nyttast som eit middel til oppleving, formidling, kunnskapskjelde og sosial samhandling.
- Oppretthalde og utvikle «Teaterskolen for barn og unge».
- Samarbeide med Bergen Kulturskole og andre kommunale kulturskolar på Vestlandet om korleis vi saman på beste måte kan tene teaterverksemda for barn og unge i regionen.
- Utvikle ein moderne medlemsorganisasjon med gode medlemstilbod.
- Styrke arbeidet med å skaffe inntekter frå andre kjelder enn det offentlege.
- Få fram nyskapande samarbeidstiltak med andre aktørar utanfor det tradisjonelle kulturlivet.
- Styrke samarbeidet med fagmiljø innan teater og drama i Norden og internasjonalt.

**Arbeidsmiljø**
Det har ikkje vore ulykker med personskade i 2001.
Arbeidsmiljøet vil verte vesentleg betre i nye lokale.

**Ytre miljø**
Aktivitetane til VT påverkar ikkje det ytre miljøet.

**Årsrekneskapen**

Eigeninntektene var i 2001 overbudsjetterte med 381 000 kroner. Totale lønskostnader var overskride med 49 000 kroner og andre kostnader var 42 000 kroner under budsjett. Årsbudsjettet var sett opp med eit overskot på 291 000 kroner for å dekkje inn den negative eigenkapitalen frå år 2000. Realiteten for år 2001 vart eit underskot på 100 458.

**Nøkkeltal ( i tusen kroner)**

| | 2001 | 2000 |
|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | 3 713 | 3 911 |
| Sum driftsutgifter | 3 829 | 4 420 |
| Driftsunderskot | 115 | 508 |
| Årsunderskot | 100 | 508 |
| Eigenkapital | - 391 | - 291 |

**Vidare drift**

Trass høg negativ eigenkapital er styret samrøystes i at det er vilkår for vidare drift. Rekneskapen 2001 er sett opp under denne føresetnaden.

**Framtidig utvikling**

I desember var styret gjort kjend med at det i beste fall ville verta eit nullresultat, høgst sannsynleg eit underskot der ukjende balansepostar, som fordringar per 31.12., ville vere avgjerande for det endelege resultatet.

Det vart iverksett strakstiltak, m.a. permitteringar. Budsjettet for 2002 er nøkternt oppsett ut i frå kjende inntektsfaktorar. Økonomien er nøye følgd opp, og budsjettet skal reviderast i takt med auka eller reduserte inntekter og kostnader.

**Framlegg til resultatdisponering**

Underskotet på 100 458 vert ført mot udekt tap som saman med fjorårets tap gjev ein negativ eigenkapital på 391 964 kroner.

Det er styret si heilt klåre målsetjing å tene inn 100 prosent av det udekte tapet i år 2002.

Bergen 26. april 2002

Styret i Vestlandske Teatersenter

Jo Høyer
Styreleiar

Berit W. Eldøy
Nestleiar
repr. Hordaland Fylkeskommune

Berit Snøan
repr. Sogn og Fjordane Teater

Tormod Carlsen
repr. Bergen kommune

Beate Solvik
repr. foreldre, teaterskolen

Astrid Overaa
representant medlemmer

Frøydis Flotve
repr. tilsette

Steinar Thorsen
Kunstarleg leiar

## Resultatregnskap

| | Note | 2001 | 2000 |
|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | | |
| Tilskot | 2 | 2 485 236 | 2 448 264 |
| Andre inntekter | | 1 228 342 | 1 463 044 |
| Sum driftsinntekter | | 3 713 578 | 3 911 308 |
| **Driftskostnader** | | | |
| Lønskostnad | 3 | 2 372 611 | 2 804 430 |
| Andre driftskostnader | | 1 456 812 | 1 615 806 |
| Sum driftskostnader | | 3 829 423 | 4 420 236 |
| Driftsunderskot | | 115 845 | 508 928 |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Annan renteinntekt | | 19 085 | 25 445 |
| Annan rentekostnad | | 3 697 | 895 |
| Netto finansinntekter | | 15 388 | 24 550 |
| Årsunderskot | | 100 457 | 484 378 |
| **Overføringar:** | | | |
| Overført til/frå annan eigenkapital | | 0 | -192 871 |
| Udekka tap | | -100 457 | -291 506 |
| Sum overføringar | | -100 457 | -484 377 |

## Balanse pr. 31. desember

| | Note | 2001 | 2000 |
|---|---|---|---|
| **Anleggsmidlar** | | | |
| *Finansielle eigendelar* | | | |
| Investering i aksjar | | 1 000 | 1 000 |
| Andre fordringar | 4 | 8 000 | 8 000 |
| Sum finansielle eigendelar | | 9 000 | 9 000 |
| **Omlaupsmidlar** | | | |
| *Fordringar* | | | |
| Kundefordringar | | 61 115 | 82 143 |
| Andre fordringar | | 106 171 | 106 881 |
| Sum fordringar | | 167 286 | 189 024 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | 168 417 | 196 224 |
| Sum omlaupsmidlar | | 335 703 | 385 248 |
| Sum eigendelar | | 344 703 | 394 248 |
| **Eigenkapital** | | | |
| *Opptent eigenkapital* | | | |
| Udekka tap | | -391 963 | -291 506 |
| **Gjeld** | | | |
| *Kortsiktig gjeld* | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | | 215 715 | 123 456 |
| Leverandørgjeld | | 48 300 | 51 113 |
| Skuldig offentlege avgifter | | 151 771 | 190 779 |
| Annan kortsiktig gjeld | | 320 880 | 320 406 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 736 666 | 685 754 |
| Sum eigenkapital og gjeld | | 344 703 | 394 248 |

# Noter til regnskapet for 2001

## Note 1 - Regnskapsprinsipper

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

*Inntekter*
Inntektsføring ved salg av varer og tenester skjer på leveringstidspunktet.

*Klassifisering og vurdering av balansepostar*
Anleggsmidlar er eigendelar meint til varig eige og bruk i verksemda. Anleggsmidlar blir vurdert til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet vil være forbigåande. Langsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost. Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år samt postar som knyter seg til varekrinslaupet. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omlaupsmidlar blir vurdert til lavaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til opptakskost.

*Fordringar*
Kundefordringar og andre fordringar er oppførte i balansen til pålydende etter fråtrekk for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

## Note 2 - Tilskot

| | 2001 | 2000 |
|---|---|---|
| Norsk Amatørteaterråd | 842 236 | 834 264 |
| Kulturdepartementet | 869 000 | 844 000 |
| Bergen Kommune | 570 000 | 570 000 |
| Hordaland Fylke | 204 000 | 200 000 |
| Sum | 2 485 236 | 2 448 264 |

## Note 3 - Løn, godtgjersler, lån til tilsette m.m.

| *Lønskostnader* | 2001 | 2000 |
|---|---|---|
| Løn | 2 000 722 | 2 373 193 |
| Folketrygdavgift | 272 394 | 318 943 |
| Andre ytingar | 93 399 | 112 294 |
| Sum | 2 366 515 | 2 804 430 |
| Gjennomsnittleg tal på tilsette | 5 | 5 |

| **Godtgjersler** | **Lønn** | **Andre godtgjersler** |
|---|---|---|
| Dagleg leiar | 314 914 | 0 |
| Styreleiar | 0 | 20 000 |

## Noter til regnskapet for 2001

*Revisor*

Revisjonshonoraret for 2001 utgjer 12 000. I tillegg kjem andre tenester med 7 800.

### Note 4 - Fordringar med forfall seinare enn eitt år

| | **2001** | **2000** |
|---|---|---|
| Fordringar | 8 000 | 8 000 |

31. desember 2001
18. april 2002

Johannes Høyer
Styrets leder

Frøydis Flotve
Styremedlem

Beate Solvik
Styremedlem

Astrid Marie Overaa
Styremedlem

Berit W. Eldøy
Styremedlem

Tormod Carlsen
Styremedlem

Berit Snøan
Styremedlem

ERNST & YOUNG

Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Lars Hillesgate 20A
Postboks 4284 Nygårdstangen
N-5837 Bergen

Foretaksregisteret:
NO 976 389 387 MVA

Tel.: 55 21 30 00
Faks: 55 21 30 01/55 21 30 02
www.ey.no

Medlemmer av Den norske Revisorforening

Til årsmøtet i
VESTLANDSKE TEATERSENTER

## Revisjonsmelding for 2001

Vi har revidert årsrekneskapen for Vestlandske Teatersenter for rekneskapsåret 2001 som syner eit årsunderskot på kr 100 457 . Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og internkontrollsystema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2001 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og forslaget til dekking av underskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Utan at det har betydning for konklusjonen i avsnittet over, vil vi framheve at selskapet har ein negativ eigenkapital på kr - 391 963. Det er difor usikkerheit om føresetnaden om at drifta skal halde fram. Vi viser til nærare omtale i årsrekneskapen og årsmeldinga.

Vi vil vidare framheve at selskapet ikkje har nok skattetrekksmidlar inneståande på bankkonto slik det i følgje skattebetalingslova er krav om.

Bergen, 26.april 2002
ERNST & YOUNG AS

Inge Kr. Husby
statsautorisert revisor

Arendal, Bergen, Bø, Drammen, Fosnavåg, Fredrikstad, Holmestrand, Horten, Hønefoss, Kongsberg, Kragerø, Kristiansand, Larvik, Levanger, Lillehammer, Moss, Måløy, Notodden, Oslo, Otta, Porsgrunn/Skien, Sandefjord, Sortland, Stavanger, Steinkjer, Trondheim, Tønsberg, Vikersund, Ålesund

Vedlegg 1: Styret og repr.

## Styret, valnemd og revisor

**Styreleiar:** Jo Høyer
**Nestleiar:** Peter Magnus t.o.m. 7. juni, Berit W. Eldøy f.o.m. juni

**Styremedlemmer:** Torgeir Leivdal t.o.m. 7. juni, Berit Snøan f.o.m. juni
Astrid Overaa

**Varamedlemmer:** 1. vara Edle Svendsen Lunde
2. vara Halvard Gomo

**Representant frå Hordaland Fylkeskommune:**
Berit W. Eldøy, personleg vara Turid Fadnes

**Representant Bergen Kommune:**
Tormod Carlsen, personleg vara Sverre Tvinnereim

**Representant foreldre med barn ved Teaterskolen:**
Peter Magnus (t.o.m. 7 juni) Beate Solvik (f.o.m. juni)

**Representant frå dei tilsette:**
Kristin Geiring med personleg vara Frøydis Flotve (t.o.m. september)
Frøydis Flotve med personleg vara Camilla Svingen (f.o.m. september)

**Frå administrasjonen** (tale og forslagsrett, ikkje stemmerett)
Administrativ leiar Øyvind Haugland. Frå desember: regnskapsansvarleg Helga Kolstad
Kunstnerleg leiar Steinar Thorsen

**Valnemd:** Hilde-Marthe Kile (leiar), frå november Berit Berge
Helga Kolstad
Peter Magnus

**Revisor:** Alf Borthne - Ernst & Young

## VTs representasjon:

Norsk Amatørteaterråd (NAT):

| | |
|---|---|
| Styret: | Kristin Geiring Nestleiar t.o.m. 27.05, deretter 2. vara |
| Kontrollkomiteen: | Helga Kolstad |
| Valkomiteen | Hilde-Marthe Kile t.o.m. 18.8, frå 4.11. Kristin Geiring |
| Utdanningsutval | Annicke Gill |
| Instillingsråd b) | Hilde-Marthe Kile t.o.m. 27.5, deretter Øyvind Haugland<br>Personleg vara: Annicke Gill |

DRAMAS:
Styret: Camilla Svingen 2. vara t.o.m. 27.05, deretter Øyvind Haugland

Innkjøpsfondet for Ny Norsk Dramatikk
Styret: Arild Støfring

**Vedlegg 2: Personalet**

# Personalet

VT har i 2001 hatt 7 fast tilsette og 2 sivilarbeidarar Personalet har vore organisert ved adm. leiar, kunstnarleg leiar, undervisningsleiar, ein informasjonskonsulent og tre teaterpedagogar. Den fast tilsette kunstnarlege leiaren og undervisningaleiaren har hatt velferdspermisjon i 2001.

| Namn | Tittel | Arbeidsoppgåver |
|---|---|---|
| Øyvind Haugland | Adm. Leiar | Dagleg leiing, styresekretær, |
| Steinar Thorsen | Kunstnarleg leiar (vikariat) | Nestleiar, kunstnarleg ansvar |
| Reidun Gløsen | Undervisningsleiar (vikariat) fram til 30/7 | Leie og samordne verksemda ved teaterskolen. Undervisning. |
| Frøydis Flotve | Teaterpedagog til 31/7 Undervisningskoordinator frå 1/8 | Leie og samordne verksemda ved teaterskolen. Undervise. |
| Kristin Saltkjelvik | Teaterpedagog, | Undervise ved teaterskolen Skodespelar, prosjektmedarbeidar |
| Camilla Svingen | Teaterpedagog, (innvilga permisjon i tida 1/1 – 31/8) | Undervise ved teaterskolen Kurshaldar, skodespelar, prosjektmedarbeidar og manuskonsulent (DRAMAS) |
| Kristine Haugland | Teaterpedagog (vikariat) fram til 31/7 | Undervise ved teaterskolen, skodespelar, kurshaldar og prosjektmedarbeidar |
| Anne-Lise Nordgulen | Informasjonskonsulent til 30/10 (innvilga permisjon) | Intern og ekstern informasjonsformidling, Produsere nyhetsbrev og anna informasjonsmateriell, vedlikehalde websidene |
| Ida Willassen | Informasjonskonsulent (vikariat) frå 1/11 | |
| Håkon Dahle | Sivilarbeidar frå 14/1 – 31/12 | |
| Tor Christian Bleikli | Sivilarbeidar frå 8/2 – 31/12 | |
| Tone Olsen | Deltidsstilling som Teaterpedagog frå 15/8 | Underviser ved teaterskolen |
| Margareth Hosøy | Timelærar som teaterpedagog frå 15/8 | Underviser ved teaterskolen |

## Frilansarar VT 2001

1. Annicke Gill
2. Berit Eggen Solstad
3. Guro Gomo
4. Håvard Moe Hagen
5. Jarle Solheim
6. Karoline Bakka Hjertø
7. Kristine Nilsen Oma
8. Kristine Rustøy Magnesen
9. Lars Sørhus
10. Marte Synnevåg
11. Margaret Hosøy
12. Håkon Dahle
13. Tor Martin Eriksen
14. Tarjei Vatne
15. Kate Elin Samuelsen
16. Robin Jacobsen
17. Paul Erik Lillholm
18. Sigrid Mari Aakvik
19. Mie Marie Søyland
20. Rosalind Johannessen
21. Siv E. Øvsthus
22. Solveig Stautland
23. Tone Beate Gulbransøy
24. Tone Olsen
25. Are Kalvø
26. Lasse Åkerlund
27. Rolf Petter Næss
28. Eva Bergh
29. Norodd Løvås (AVAB- CAC)
30. Arne Kambestad
31. Peter Cripps
32. Tor Arne Ursin
33. Lars Magnus Nordtveit

Vedlegg 3

# 1. Kurs- og kompetansesenteret

*Vestlandske Teatersenter avvikla 38 kurs for til saman 779 deltakarar i 2001. Det vart gjennomførd – på eiga handog i samarbeid med oppdragsgivarar – 21 teaterprosjekt. Til saman 10 621 tilskodarar såg 103 framsyningar.*

---

## Kurs:

Vestlandske Teatersenter avvikla i 2001 38 kurs for til saman 779 menneske. Av desse var mange i samarbeid med eller på oppdrag av samarbeidspartnerar. Av kursa var 11 stykker initiert av VT sjølv. Det vart satsa på teatersport, scenekamp og forteljarteknikk. I samarbeid med andre gjennomførte VT også kurs for psykisk utviklingshemma, eldre og svaksynte.

## Produksjonar:

**Den magiske Timen**
Den Magiske Timen er fem forskjellige dramaforløp der barn i barnehagar og småskolen både får oppleve ei forestilling der dei samstundes sjølve får vere med i forestillinga og agere. Det vart i 2001 avvikla over 80 'forestillingar'. VT held fram med den magiske timen og prosjektet er under stadig utvikling, og nye opplegg vert utvikla.

**"Global Kicks 01" – Teater mot rasisme**
VT fekk midlar frå UDI til å lage ein teaterforestilling mot rasisme – i kjølvatnet av Benjamin Hermansen-drapet. Ungdommar frå Vestlandsheimen Statlege mottak, Bergen Internationale Kultursenter og VT sin teaterskole laga saman ei sirkusteaterframsyning som hadde premiere i desember 2001 i Grieghallen. Global Kicks 01 vart i januar 2002 sendt på turne på ungdomsskolar i Hordaland.

**"Dragen fra dragefjellet" – Gateteater med 70 born og ungdommar i Bergen sentrum**
På oppfordring frå Festspillene i Bergen tok Vestlandske Teatersenter opp att Dragen fra Dragefjellet under Barnas Festspill i mai 2001. Nok ein gong var BOB samarbeidspartner, då 70 elevar ved VT sin teaterskole spelte vandreteater gratis i Bergen Sentrum. Tre framsyningar vart spelt og det var over 2500 tilskodarar til saman.

**"Ein song for fred" – teater til internasjonalt utsyn**
Hausten 2001 fekk VT den irakiske teaterinstruktøren Sedik Ahmad Aziz på AETAT tiltak på arbeidstrening. Sedik sette opp teaterstykket *Ein song for fred* med dei eldste elevane i Teater Ung. Stykket er skrive av Sedik sjølv, og tar for seg kurderane sitt tapte land. Stykket var fantastisk, og reiser i april 2002 på teaterfestival i Manchester, England.

**"Englevakten" – TIU–forestilling etter oppdrag frå Statens vegvesen, Hordaland**
VT utvikla i 1999 TIU framsyninga "Englevakten" for småskolen på oppdrag av Statens Vegvesen. Målet var å gjere unge meir bevisste på farene i trafikken. Etter 40 forestillingar bestilte Vegkontoret 30 nye forestillingar i Hordaland våren 2001. I 2001 har VT gjennomført 40 framsyningar på 15 skoler i 10 kommunar i Hordaland. Meir enn 1.100 elevar i 6 – 7 års alderen har sett forestillinga. Englevakten vart evaluert av Bedriftspedagogisk senter og fekk ei svært god vurdering.

**"Bilder frå Bjørgvin" – gateteater på Barnas Festspilldag.**
Bilder fra Bjørgvin er eit dramapedagogisk opplegg som munnar ut i gateteater for og med barnehagebarn frå 4 – 6 år. Spelet som handlar om middelalderen i Bergen har vore gjennomført kvart år sidan 1995, og er eit fast innslag under Barnas Festspilldag. I 2001 deltok om lag 135 ungar frå 8 barnehagar. Over tusen tilskodarar såg forestillinga.

**Teater Allena på Den Nationale Scene**
Vestlandske Teatersenter og Den Nationale Scene samarbeida med å få det internasjonalt røynde Teater Allena med Lasse Åkerlund frå Sverige til Bergen. Teater Allena spelte tre forestillingar med "MacBeth" og tre med "StorKlas & LillKlas" på DNS Småscenen. Lasse Åkerlund heldt eit 12 timars kurs i forteljarteater på Vestlandske Teatersenter.

**"Tingenes Tyranni" – forestilling til festivalen "Young Idea 2001".**
I høve Teater Ung si medverknad i festivalen *Young Idea 2001* (sjå under) laga dei framsyninga "Tingenes Tyranni" - om unge menneske si oppleving av identitet i eit rikt og overflatisk, moderne Noreg – som dei synte fram for dei besøkande gruppene. Dei 5 jentene som deltok i festivalen var også Bergensk vertskap for dei andre gruppene.

## Rådgjeving og kompetanseformidling:

**Barnas festspilldag – planlegging og koordinering**
Vestlandske Teatersenter bidrog til Barnas Festspilldag med planlegging og koordinering i samarbeid med Hordaland Teater/ Barnas Hus/ Kulturskolen, Kulturskolerådet og Bergen Dansesenter. Vestlandske Teatersenter sin pedagog Frøydis Flotve var sentral i avviklinga av arrangementet.

**Young Idea – Internasjonal drama og teaterkonferanse i Bergen**
IDEA 2001 var den fjerde internasjonale drama/teaterkonferansen i sitt slag, og vart avvikla i Bergen sommaren 2001. For fyrste gong blei det i samanhang med hovudkonferansen arrangert en ungdomsdel. Vestlandske Teatersenter sto saman med HiB for planlegging, prosjektering og gjennomføring. Det deltok ungdomar frå heile verda – alle verdsdelar, 45 i talet. VT deltok også med ei gruppe frå Teater Ung.

**Kompetanseformidling til Samisk kultursenter**
VT har formidle kompetanse til Gallanuorait Teater i Kautokeino til deira arbeid med å opprette eit teatersenter for barn og unge, liknande VT.

**Teaterverkstaden på Sletta**
Vestlandske Teatersenter gjennomførte på oppdrag frå Teaterverkstaden på Radøy teaterkurs og instruksjon til to barne/ungdomsforestillingar på Sletta på Radøy i Nordhordland Sletta våren og hausten 2001. *Froskeberta* og *Tre Musketerar* hadde til saman over førti aktørar.

**VM og NM i teatersport for amatørar**
Norsk Amatørteaterråd satsar på Teatersport. På Vestlandet er det VT som har ansvaret for å spreie teatersporten. Dette har VT gjort med kurs for teatersportleiarar, samt avvikling av Vestlandsmeisterskapen i Teatersport. Vestlandske Teatersenter var og med i planlegging, prosjektering og gjennomføring av NM i Teatersport på Lillehammer i september 2001. Mellom anna utvikla VT fagplanen som er vedteke som gjeldande for arrangementet.

**Haugland Skule – revyinstruksjon**
Vestlandske Teatersenter formidla instruktør Rosalind Johannessen til ein stor revy på Askøy.

## Samarbeid og representasjon:

**"Reisa til Bergen" eit kystmusealt prosjekt om jektefart på Vestlandet**
Med utgangspunkt i Walter Bladt sitt manus "Reisa til Bergen" har VT utvikla eit TIU-prosjekt – for born i småskulen – som skal spelast på kystkulturelle museer og kulturminnefasilitetar på Vestlandet 2002. Det vart i 2001 inngått ei avtale med Bergen Sjøfartsmuseum og Kystsogevekene om forestillingar. Manus og prosjektering vert starta i 2002.

**Vestlandske Kunstindustrimuseet – utvikling av pedagogisk rom**
Vestlandske Teatersenter bidrog med teaterteknisk konsulent til planlegginga og utforminga av eit pedagogisk utstillingsrom på Vestlandske Kunstindustrimuseum. Rommet skal tilretteleggjast til forskjellige former formidling, mellom anna drama og teater.

**"Vestlandsandlet" – eit kunstprosjekt i samarbeid med UiB og VKM**
Ved opninga av det pedagogiske rommet på Vestlandske Kunstindustrimuseum i 2002 skal VT leie og prosjektere opningsforestillinga *Vestlandsandlet* - eit prosjekt om vestlandsk identitet i lys av andleta til innvandrarar.

**Statens Vegvesen Hordaland - Forumteater om villmannskøyring**
VT har vore i førebuande møter og forhandlingar om å utvikle eit forumteaterprosjekt mot villmannskøyring, og det vart i desember fatta vedtak om at VT skal gå i gang med arbeidet.

**AETAT Arbeidstrening for teaterfolk med anna etnisk bakgrunn**
Vestlandske Teatersenter hadde den irakiske instruktøren Sedik Ahmad Aziz på arbeidstrening hausten 2001.
**Samarbeid med Bergen Kulturskole**
Samarbeidsmøter og fagleg utveksling og oppdatering mellom leiinga og dei pedagogisk tilsette på VT og BK

**Festspillene i Bergen**
I 2000 vart det og etablert kontakt med leiinga for Festspillene i Bergen. Vi drøfta lenge om å få produksjonen "Hvem har tatt min venstre sko?" med i Festspelprogrammet for 2001. Tre framsyningar av gateteateret «Dragen fra Dragefjellet» var med i programmet for Barnas Festspill 2001.

**Kulturnett Hordaland**
VT er med i styringsgruppa for Kulturnett Hordaland, og deltek 2 gonger i året på samarbeidsmøter. VT fekk 25.000 i prosjektstøtte frå Kulturnett Hordaland til å skanne inn og gjere teatermanus tilgjengeleg på Internett i digital form. Det står att ein del arbeid med å leggje til rette for publisering på Internett med omsyn til Åndsverklova. I dette arbeidet må vi ha ei samkøyring med Norsk Amatørteaterråd (NAT) og DRAMAS.

**Hordaland Teater**
Samarbeidet med Hordaland Teater har vore møte der vi gjensidig har orientert kvarandre om planar og arbeid.

**Hordaland Amatørteaterråd - revitalisering**
Vestlandske Teatersenter, Hordaland Ungdomslag og Scenekunst Sunnhordland har motteke 30.000 kroner frå Hordaland Fylke for å revitalisere Hordaland Amatørteaterråd. Det har vore avvikla møter om dette.

**Scenekunst Sunnhordland**
VT sende ein klasse ved teaterskolen til Barne og Ungdomsteaterfestivalen på Stord i 2001. VT og Scenekunst Sunnhordaland har samordna og saman arrangert kurs.

**Den Nationale Scene - samarbeidsmøter**
Samarbeidsmøter om prosjektet Ungdom spiller for Ungdom – "Linje 90" avvikla hausten 2001. Samarbeidsmøter omkring "omvisning" på DNS avvikla hausten 2001.

**"Klangfuglprosjektet"**, Seminar Gentofte i Danmark - Kristin Saltkjelvik. Konferanse om teater for de minste.

**"Revysamlingen Rogalatter"** Stavanger. Steinar Thorsen, Øyvind Haugland og Kristin Saltkjelvik på fagleg vitjing.

**Reisestøtte** – VT gav reisestøtte til medlemsgruppa Studentteateret Immaturus for å reise til NM i Teatersport. Studentteateret Immaturus frå Bergen vann konkurransen

**Teaterfestival i Toulouse** - Ei gruppe frå Vestlandske Teatersenter si Teaterskole for Barn og Unge deltok.

**Teaterfestivalen på Stord** - Ei gruppe frå Vestlandske Teatersenter si teaterskole deltok.

**Nordisk barneteaterfestival i Södertälje** – VT var representert gjennom Frøydis Flotve og Øyvind Haugland

**Fylkeskulturkonferansen på Voss** – Øyvind Haugland og Steinar Thorsen representerte VT

**NAT sine års- og haustmøte** i Sortland og Kristiansand - Øyvind Haugland +Steinar Thorsen og Øyvind Haugland+ Jo Høyer representerte VT

**Ungdom på arbeidsveke** – mange unge elevar, vaksne til vegleiing og utveksling,

**Ungdommens kulturmønstring**, VT (Camilla Svingen) var konferansier

**MOKS** – (Bergen Kommune sitt Mottaks- og Kompetansesenter) Samarbeid rundt UDI-prosjektet *Global Kicks*-.

## Nettverk og Samarbeidspartnerar:

*Gjennom tidene har vi etablert mange ulike nettverk for gjensidig nytte og samarbeid. Dette er både lokale, regionale, nasjonale, nordiske og internasjonale nettverk.*

**Gjennom vårt medlemsskap i Norsk Amatørteaterråd (NAT) samarbeider vi på nasjonalt plan med følgjande organisasjonar:**
Hålogaland Amatørteaterselskap, Landslaget Drama i Skolen, Norsk Amatørteaterforbund, Ravn, Arbeidernes Opplysningsforbund, Forsvarets Overkommando, JUVENTE, Norges KFUK/KFUM, Noregs Ungdomslag, Norges Bygdeungdomslag, Norges Døveforbund, Norsk Frilynt Ungdomsforbund, Norske4H, Sosialistisk Opplysningsforbund.

**Gjennom NAT er vi også med i Nordisk Amatørteaterråd (NAR) som har desse nasjonale paraplyorganisasjonar som medlemmer:**
Dansk Amatørteater Samvirke (DATS); Svenskt Amatörteaterråd (SAR); Finlands aita/iata och NAR-Center, Samarbetskommitten för Teateramatörer på Åland; Bandalag Íslenskra Leikfélaga (BIL), Meginfelag áhugaleikara Føroyar (MáF); KA.NU.SO.IS.SO.SU. (Grønland).

**The North European Amateur Theatre Alliance (NEATA) er det internasjonale samarbeidsorganet mellom dei nordiske landa og Estland, Latvia og Litauen.** NEATA har også status som «Regional Centre» innan den internasjonale amatørteaterorganisasjonen aita/iata (International Amateur Theatre Association).

**VT er også gjennom NAT med i International Amateur Theatre Association (aita/iata). Her er har vi kontaktnettet vårt til over 50 nasjonale sentre i alle verdsdelar.**
Alle landa i Europa samarbeider gjennom The European Continental Centre of aita/iata som ligg i byen Lingen i Emsland, Tyskland. Dette senteret arrangerer årleg teater- og dramapedagogiske konferansar og festivalar. Kvart fjerde år er det verdsfestival for barneteater, Children Play for Children, og fjerdekvart år «Festival of Sences» - ein teaterfestival for handikappa.

**VT er medlem i vaksenopplærinsforbundet Folkekulturforbundet.** Nettverket vårt der er følgjande organisasjonar: DIS-Norge; Forbundet KYSTEN; Hålogaland Amatørteaterselskap; Kringkastingsringen; Landslaget for Lokalhistorie; Noregs Mållag; Noregs Ungdomslag; Norges Husflidlag; Norsk Målungdom; Norsk Museumsforbund.

**Andre landsomfattande kunst- og kulturinstitusjonar:**
Norsk Musikk- og Kulturskoleråd (NMOK), Trondheim

**VT er og medlem i Hordaland Folkeakademi**

**Kunst- og kulturnettverket vårt på Vestlandet:**
**Teater og teaterinstitusjonar***:* Den Nationale Scene - Festspillene - Hordaland Teater - BIT Teatergarasjen - Carte Blanche - Sogn og Fjordane Teater - Scenekunst Sunnhordland - Bergen Byspill

**Museum:** Gamle Bergen Museum - Vestlandske Kunstindustrimuseum - Norsk Sjøfartsmuseum - Norsk Industriarbeidermuseum på Rjukan.

**Andre offentlege og private institusjonar:** Barnas hus, Bergen - Bergen kulturskole - Statens Vegvesen, Hordaland - Vestlandsheimen Statlege Mottak - Bergen Internasjonale Kultursenter -Bergen Næringsråd - Bergen Politikammer - Hordaland Fylkeskommune - Moster Kyrkjehistoriske Senter - Stiftinga Kystsogevekene - Bergen og Omegn Boligbyggelag (BOB) - Høgskolen i Bergen - Høgskolen i Volda - Bergen Kommune, Byrådsavd. for kultur, Idrett og Skole, Bergenhus bydel og Årstad bydel

## Oversikt over kurs avvikla av Vestlandske Teatersenter 2001

| Dato | Kurs | Oppdragsgjevar | Kurshaldar | Deltakarar | Timar |
|---|---|---|---|---|---|
| Januar | Grotowsky kurs | VT | Grenland friteater | 11 | 12 |
| januar | Kurs i drama/teater for barn | Rognaldsvåg skule | Tone Olsen | 31 | 45 |
| januar | Sminkekurs | Rossland Skule | Kristine Haugland | 14 | 5 |
| januar | Drama inspirasjonskurs | Olsvikfjellet barnehage | Frøydis Flotve<br>Kristin Saltkjelvik | 35 | 5 |
| januar | Drama inspirasjonskurs – lærare | Ulvik musikkskule | Frøydis Flotve | 10 | 6 |
| januar | Lyskurs | Rossland Skule | Øyvind Haugland | 14 | 6 |
| Jan-feb | Drama/teaterkurs for barn | Kleppe skole | Siv Øvsthus | 18 | 15 |
| jan-mars | Teaterverksted (10 ggr) – div. | VT | Ymse | 31 | 40 |
| jan-mars | Kurs rekkje (9 ggr) for Psykisk utviklingshemma | VT + Fokusklubben, Bergen Kommune | Kristine Haugland | 9 | 27 |
| februar | Planleggingsdag med Teaterkurs | Skjoldtun barnehage | Frøydis Flotve | 15 | 6 |
| februar | Skodespelarkurs | Sotra Teaterlag | Steinar Thorsen | 15 | 6 |
| februar | Moro med ord – kurs | VT | Are Kalvø | 11 | 7 |
| februar | Kurs i Fysisk Teater | Åsane Ungdomslag | Steinar Thorsen | 14 | 4 |
| feb-mars | Drama/teater kurs for barn | Skjold skule | Siv Øvsthus | 16 | 13,5 |
| feb-mars | Teatersport Workshop | VT | Kate E. Samuelsen | 20 | 15 |
| mars | Bilder frå Bjørgvin | Barnas Hus | Annicke Gill | 10 | 10 |
| mars | Bilder frå Bjørgvin | Barnas Hus | Frøydis Flotve | 10 | 10 |
| mars | Kurs i forteljar teater | VT | Lasse Åkerlund | 14 | 12 |
| mars | Kurs i stemmebruk | Vaksdal Teaterlag | Robin Jacobsen | 13 | 12 |
| mars | Skodespelarkurs | Sotra Teaterlag | Peter Cripps | 18 | 12 |
| mars | Kurs i sminke | Høgskolen i Bergen | Kristine Haugland | 20 | 9 |
| mars | Kurs i Lysdesign og bruk | Høgskolen i Bergen | Øyvind Haugland | 20 | 9 |
| april | Sminkekurs | Tamilsk/katolsk skole | Kristine Haugland | 30 | 5 |
| april | Revyinstruksjon | Postens revylag | Rosalind Johannessen | 25 | 80 |
| Apr-mai | Dramakurs for barn | Sletta Kulturhus | Håvard M. Hagen | 35 | 30 |
| Aug-sept | Dramakurs for barn | Sletta Kulturhus | Håvard M. Hagen | 35 | 15 |
| september | Sminkekurs | Svingen Barnehage | Camilla Svingen | 12 | 3 |
| september | Kurs i ansiktsmaling | Lauritzen Bokhandel | Margareth Hosøy | 20 | 3 |
| oktober | Kurs i revyskriving | Data Consult | Kristin Saltkjelvik | 7 | 4 |
| oktober | Sminkekurs | Norsk Lærerakademi | Camilla Svingen | 26 | 6 |
| oktober | Teatersport kurs | Data Consult | Tone Olsen | 8 | 4 |
| oktober | Inspirasjonskurs | Fridalen skule | Tone Olsen &<br>Camilla Svingen | 120 | 6 |
| oktober | Leiarkurs Teatersport, Øystese | VT | Kate E. Samuelsen | 5 | 12 |
| november | Leiarkurs Teatersport, Tromsø | VT / HATS | Kate E. Samuelsen | 14 | 13 |
| november | Dikt i seine haustkveldar | VT | Eva Bergh | 11 | 4 |
| november | Lyskurs i Rosendal | VT | Arne Kambestad | 16 | 14 |
| november | Kurs i scenekamp | VT | Rolf P. Næss | 11 | 12 |
| november | Dramakurs for barn | Sletta Kulturhus | Tor M. Eriksen | 35 | 9 |

**779 menneske har gått til saman 38 kurs hos VT i løpet av 2001**

## Oversikt over forestillingar, produksjonar og oppdrag hos VT 2001

| Andre produksjonar<br>Forestillingar<br>Oppdrag | Instruktør<br>Medverkande | Stad | Dato | Framsyningar | Publikum |
|---|---|---|---|---|---|
| Den Magiske Time<br>Fargeklatten | VT pedagoger | VT | Fordelt på hele året | 16 | 528 |
| Den Magiske time<br>Troll & heksefest i tarmskogen | VT pedagoger | VT | Fordelt på hele året | 14 | 335 |
| Den Magiske Time<br>Tyrihans | VT pedagoger | VT | Fordelt på hele året | 4 | 102 |
| Den Magiske Time<br>Juletimen | VT pedagoger | VT | Fordelt på hele året | 14 | 378 |
| Teater Allena<br>StorKlas och LillKlas | Lasse Åkerlund | DNS – Bergen<br>VT= arr | Veke 11 | 3 | 450 |
| Teater Allena<br>MacBeth | Lasse Åkerlund | DNS – Bergen<br>VT= arr. | Veke 11 | 3 | 450 |
| Gateteater i Bergen<br>Dragen fra Dragefjellet | VT pedagogar + Solvei Stoutland | Bergen sentrum | Mai 2001 | 3 | 2500 |
| Haugland Skule<br>Skulerevy | Rosalind Johannesen | Askøy | April 2001 | 4 | 606 |
| Tiu – forestillingen<br>Englevakten | Kristin Saltkjelvik<br>Harald Midtun<br>Berit E. Solstad | Hordaland | Haust 2001 | 30 | 1022 |
| Barnas Festepilldag<br>Bilder frå Bjørgvin | Annicke Gill + VT pedagogar | I barnehagar + Torgallmenning | Mai 2001 | 1 | 1200 |
| Teater mot rasisme<br>Global Kicks 1 | Jarle Solheim Paul E. Lillholm | Grieghallen | Desember 2001 | 1 | 200 |
| Young Idea<br>Tingenes Tyranni | Steinar Thorsen +<br>5 skodespelare | Fana F.h. Sk +<br>Grieghallen | Juli 2001 | 2 | 450 |
| Young Idea 2001 (teaterkonf)<br>VT arrangør sammen med HiB | 6 stk frå VT. Til saman 100 i Y. I. | Bergen | Juli 2001 | 9 dagar festival | |
| *Reisa til Bergen* planleggjing og manus til turne aug. 2002 | VT, Kystsogevekene, Sjøfartsmusset i Bg. | Kystkultur-Museer | Haust 2001 | | |
| Innreiing av pedagogisk rom – konsulenthjelp | Steinar Thorsen Annicke Gill | Vestlandske kunstindustri Museum | Haust 2001 | | |
| Museumsformidling<br>Vestlandsandleter | Steinar Thorsen | Vestl. Kunst-Industrimuseum | Haust 2001 | Prosjektering | |
| Barnas festspilldag<br>Planlegging og Gjennomføring | Frøydis Flotve<br>Annicke Gill | Hordaland Teater | Vår 2001 | 1 | 1200 |
| Kompetanseformidling<br>Sal av rapporter | Steinar Thorsen | Samisk Kultursenter | Haust 2001 | | |
| Froskeberta<br>Instruksjon for barn 13 – 15 år | Håvard Moe Hagen<br>23 barn | Radøy, Sletta Kulturhus | Vår + haust 2001 | 3 | 450 |
| Tre Musketerer<br>Instruksjon for barn 10 – 13 år | Håvard Moe Hagen<br>16 barn | Radøy, Sletta Kulturhus | Vår + haust 2001 | 3 | 350 |
| NM i Teatesport<br>Utvikling, gjennomføring | Steinar Thorsen | NAT Teaterdagene | Vår / haust 2001 | 1 | 400 |
| Til saman 21 | | | | 103 | 10621 |

# Teaterskolen for barn og unge 2001

*Våren var det sju klassar og ein ekstraklasse og til saman 115 elevar. Om hausten var det åtte faste klassar og til saman 127 elevar*

## Våren 2001

Gruppe M hadde premiere på "Tøffe Tommen" i midten av mars. Tre forestillingar på Teaterloftet, før dei reiste til Stord på Barne- og Ungdomsteaterfestival.
Gruppe E var på Teatergarasjen 2. april og viste *"Hvit Uskyld"*, ei forestilling basert på bevegelse og dans, former lyd og musikk.
I slutten på april hadde Teater Ung premiere på si forestilling; *Er det noe å se? Er det noe å vite?* Dei hadde 5 forestillingar på Teaterloftet. Gruppe T og R og O hadde framsyning på Barnas Hus 5. mai
7. mai framførte Gruppe P vandreteater på Fløyen, der dei viste scener frå kjende Shakespeare-tragediar.
Ekstra – gruppa hadde si avslutning for foreldre og vener på Teaterloftet.
